

Kvernhuset på Slogvik

I utmarka på Slogvik i Tysvær står ei gammal tømmerlafta bekkekvern.

Kverna skil seg ut frå andre gardskverner her i landet ved måten ho er bygd på. I staden for det vanlege prinsippet med at oversteinen kan hevast eller senkast for fin og grovmaling, vert Slogvikkverna regulert med understeinen. Understeinen kviler på to stokkar som går på tvers av kvernhuset og ut gjennom langveggane. På eine sida kan ein løfte eller senke stokkane med kilar. Slik minkar eller aukar ein avstanden mellom steinane. I dag dekker bordkledninga kileopningane. Ein kan og merke seg korleis kverndøra er konstruert. Det er nytta eit sjølvvakse emne som avstiving på tvers - slik hindra ein at døra seig.

Kvernhuset er svært gammalt til å vera i eit kyststrok. I søre gavlveggen er årstalet 1610 rissa inn noko utydeleg. Lenger nede på veggen les ein talet 1800. Det er grunn til å tru at dette er eit av dei eldste kvernhusa i landet.

Slogvikkverna sin noko særmerkte virkemåte dreiar seg truleg om ei lokal og tilfeldig forenkling av det opphavelige velutvikla kvernsystemet. Bekkekverna har ikkje utvikla seg på norsk jord.

Ho spreidde seg truleg hit frå Balkanområdet i tidleg middelalder.

Dit var ho komen frå India. Den forma bekkekverna hadde då ho kom til Norden, har ho hatt seinare. Mekanikken er alltid den same, berre storleiken og konstruksjonen i husa varierar ein del.

Bekkekverna fekk mest allmenn utbreiing i strok med kupert terreng og mange vatnfall.

Utbreiinga har og med gardstrukturen og eigedomstilhøva å gjera. Slike kverner kunne best nyttast der gardane var delte i bruk med eit hushald på kvart bruk.

Under andre tilhøve var det vilkår for bygdemøller. Kverna var ein viktig lekk i naturhushaldet. Ho gjekk av bruk etterkvart som naturhushaldet løyste seg opp på 18- og 19-hundretalet.

Når det gjeld Slogvikkverna veit ein at denne var i bruk til rundt 1930.

Slogvikkverna er i dag i privat eige, men Tysvær kommune har avtale om å disponera kverna til kulturminne etter at ho vart restaurert.

Kverna finn ein langs vegen mellom Hundsnes og Vågen.

Ved vitjing vekkjer kverna minne frå ei tid då gardsfolket sleit kornet på ryggen gjennom skogen i tunge jutesekker eller før den tid i mjølhiter. Det var sekker av to saueskinn som var sydde saman med halsen som opning.

Før trådveiken kom, var det gras som stod og brann i trankola og skaffa lys inne i det mørke kvernhuset der ein sat og mol kornet. Kvernhjulet sveiv haustnatta gjennom til morgonen. Då vart det lys nok til å koma seg heimatt med det livsviktige mjølet...

